

Kunstgrasbana kjem onsdag

18.09.2015



Odd Steinar Arnesen - glad for den nye bana

**Onsdag til veka er ein viktig dag for alle som har sett fram til at også Uskedalen skal få kunstgrasbane. Då vert bana levert frå eit firma i Haugesund, og så tek monteringa 3-4 dagar. Det betyr at framdriftsplanen så og seie er i rute, konstaterar ein glad primus motor for prosjektet - Odd Steinar Arnesen.**

Førebuingane ved Brødrene Musland har gått prikkfritt. Slåddinga gjekk føre seg sist helg og no i veka har entreprenøren med hjelpefirma drenert, grøfta og asfalterrundt bana slik at ho er klår for det nye dekket. Det kan ikkje vera tvil om at det er gjort ein god og grundig jobb.

Kunstgrasbana som avløyser grusbana er første byggjesteget i det ein vel helst bør døypa Uskedalen Aktivitetspark. No er det halvtanna år sidan idrettslaget ga grønt ljos for det flotte prosjektet og døypte det GULL AV GRUS. Sjølv om det er sterke ord, rommar dei ein realitet og prosjektet er realisert imponerande fort av effektive og flinke idrettslagsleiarar. Det har teke berre rundt månad å gjere unna grunnarbeidet.

Odd S. Arnesen, Johannes Hjønnevåg, Michael Røssland, Harald Sunde, Steinar Haugland, Michal Røssland og Vermund Vetrhus er eit knippe eldsjelar som har stått bak og som skal jobba vidare. Det kjem også til dømes klatre- og skatepark og aktivitetsløype, men stoppar slett ikkje med det. Også den tette kontakten med fjorden vil sikkert verta utnytta, og parken vert eit tilbod for alle, i alle aldrar.

Den nye niarbana skal ikkje nyttast til fortrengsel for Heio. Dei to banane skal utfylle kvarandre og GULLBANA er midt i blinken hvis det er naudsynt med reservebane.

Det er i det heile grunn til å venta ein langt hyppigare bruk av denne enn av grusbana, ikkje minst i den kalde årstida

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Alt ligg til rute for ei fin kunstbane